

MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset
Møtedato	23.11.2015
Kl.	13:00 – 18.50

År 2015 den 23. november kl. 13.00 kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på fylkeshuset, Leikanger.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 12. november 2015. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjent.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SETERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Erlend Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmeseter
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Karin Sande
Erlend Haugen Herstad

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Harald Bjarte Reite
Karianne Torvanger
Henrik Oppen
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic

HØGRE:

Norlav Distad
Sonja Merethe Øvre-Flo
Bjørn Erik Hollevik
Anne Kristin Lilleaasen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Marita Gunn Aarvik

VENSTRE:

Gunhild Alis Berge Stang
Alfred Bjørlo

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob Andre Sandal

MILJØPARTIET DE GRØNNE:

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg fra fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård til sekretær og Marit Silje Husabø som referent.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene var sendt ut slik:
Sak 46/15 Sendt ut 23. november 2015

Saklista vart godkjent.

Deretter gav fylkeskommunen sine rådgjevarar, DHT v/Torjus Stalleland og Odd Solheim, og Advokatfirmaet Wiersholm v/Inge Ekker Bartnes, ei orientering om eiga tilråding i sak 46/15 for lukka dører i medhald av kommunelova § 31, nr. 2, jf. forvaltningslova § 13. Representantane måtte notere spørsmål undervegs i presentasjonen og fekk høve til å stille spørsmål til rådgjevarane etter at presentasjonen var ferdig.

Følgjande skriv – alle med status som uprenta vedlegg til fylkesrådmannen sitt
saksførelegg – vart deretter, ca. kl. 15.35, lagde fram for fylkestinget til orientering:

Uprenta vedlegg 1:

Notat frå Wiersholm datert 2. september 2015

Notat frå Wiersholm datert 27. september 2015

Notat frå Wiersholm datert 12. november 2015

Uprenta vedlegg 2:

Aksiekjøpsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Torghatten ASA

Uprenta vedlegg 3:

Aksjonæravtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Torghatten ASA

Dei nemnde skriva vart samla inn i samband med at møtet vart opna kl. 16.20.»

SAK 46/15 Eigarposisjonen i Fjord1 AS

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Det blir ikkje gjeve tilslutning til fylkesrådmannen si tilråding.
2. Den noverande salsprosessen blir avslutta. Det blir starta ein ny og samordna prosess for nedsal av fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 AS med sikte på endeleg stilling til sal innan utgangen av 2016. I denne prosessen skal det haldast dialogmøte mellom eigarane, og mellom fylkeskommunen og selskapet, og vere samordna med med FU, eigarane og styret og administrativ leiing i Fjord1 AS.
3. Det skal som del av ein ny salsprosess hentast inn ei uavhengig verdivurdering av selskapet.
4. Rammevilkåra som offentlegheitslova og forvaltingslova set, skal klargjerast ved starten av prosessen, med mål om ein open prosess og et best mogleg avgjerdsgrunnlag for Fylkestinget sine medlemmer.

Framlegg om utsettjing:

Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til vedtak:
«Saka vert utsett til neste ordinære fylkesting.»

Avrøyting:

Framlegget frå Sosialistisk Venstreparti fekk 13 røyster og framlegget fall.

Endringsframlegg:

Høgre fremja tilrådinga frå fylkesrådmannen som framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.
3. Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering.

Avrøyting:

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 15 røyster og fall.

Høgre sitt framlegg fekk 16 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.
 3. Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering.
-

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 23.november 2015 på fylkeshuset, Leikanger kommune, er slutt.